


Oppgradering av fyllplassar i Møre og Romsdal

Forslag til handlingsplan



Revidert januar 1995





FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga
Fylkeshuset, 6400 Molde

		Rapport nr: 95:01
		Tilgjenge Open
Tittel: Oppgradering av fyllplassar i Møre og Romsdal Forslag til handlingsplan Revidert januar 1995		Dato: 24.01.95
Forfatar: Kolbjørn Megård, Ivar Mork Grevsnes		Sidetal: 26
Samandrag: Avfallspolitikken i Noreg er under endring. Sentrale punkt er avfallsminimering, kjeldesortering/gjenvinning og forsvarleg behandling av restavfallet. SFT har utarbeidd retningslinjer overfor fylkesmennene når det gjeld krav til avfallsplassar. Desse retningslinjene føreset at det skal stillast strengare krav til alle avfallsplassar med gjennomføringstid innan 1.1.97. I denne rapporten blir det vurdert kva plassar som er aktuelle for oppgradering eller som mest truleg bør avsluttast. For dei plassane der oppgradering er mest aktuell blir det skissert ei aktuell tempoplan for nødvendig oppgradering. Det blir også skissert tempoplan for fylkesmannen si oppfølging overfor kommunane når det gjeld både oppgradering og avslutting av avfallsplassane. Handlingsplanen viser at full oppgradering er mogleg innan 1.1.97. Dette gjeld 11 eksisterande fyllplassar. 13 avfallsplassar vil truleg bli lagt ned.		Rapporten omfattar: Alle kommunar
Emneord: Avfallsbehandling Avfallsplass Oppgradering	ISBN 82-7430-071-8 ISSN 0801-9363	
Fagansvarleg: 	For administrasjonen: 	

Beredskapsavdelinga

Telefon 71 25 84 86
Telefaks 71 25 85 18

Kommunal- og
samordningsavdelinga

Telefon 71 25 84 43
Telefaks 71 25 85 10

Landbruksavdelinga

Telefon 71 25 81 59
Telefaks 71 25 81 57

Miljøvernavdelinga

Telefon 71 25 84 75
Telefaks 71 25 85 09

Sosial- og familieavdelinga

Telefon 71 25 84 52
Telefaks 71 25 84 61



Date	Description	Amount
1912	Jan 1	100.00
1913	Feb 1	200.00
1914	Mar 1	300.00
1915	Apr 1	400.00
1916	May 1	500.00
1917	Jun 1	600.00
1918	Jul 1	700.00
1919	Aug 1	800.00
1920	Sep 1	900.00

INNHALD	Side
1 Innleiing -----	4
2 Planføresetnad -----	5
2.1 Nye krav til avfallsplassar-----	5
2.2 Status - eksisterande behandlingsanlegg og samarbeid-----	5
3. Plan for oppgradering -----	9
Årødalen avfallsplass-----	11
Bingsa avfallsplass-----	12
Isfjorden avfallsplass-----	13
Vestnes Renovasjon A/S-----	14
Aukra avfallsplass-----	15
Vinsternes avfallsplass-----	16
Breivika avfallsplass-----	17
Alida avfallsplass-----	18
Stordal avfallsplass-----	19
Nøsa avfallsplass-----	20
Vennevoll avfallsplass-----	21
Lilleeide avfallsplass-----	22
5. Nyanlegg -----	25
6. Framtid -----	25
7. Sluttord -----	26

1 Innleiing

Avfallspolitikken i Noreg er endra dei seinare åra. Stortinget har ved behandling av m.a. St. meld. nr 44 (1991-92) - "Om tiltak for reduserte avfallsmengder, økt gjenvinning og forsvarlig sluttbehandling" har fastsett ein del nasjonale rammer og føresetnader for arbeidet.

Avfallspolitikken blir basert på mange tiltak som tilsaman skal føre til betre ressursutnytting og mindre forureining. Sentrale punkt er:

- avfallsminimering
- kjeldesortering og gjenvinning
- forsvarleg behandling av restavfallet.

I samband med dette er forureiningslova blitt endra for å vere meir tilpassa den nye politikken, m.a:

- gjennvinningsomsynet
- kommunale avfallplaner
- riktige kostnader

SFT har utarbeidd retningslinjer for kommunane når det gjeld utarbeiding og behandling av avfallsplanar (94:03) og retningslinjer overfor fylkesmannen når det gjeld krav til fyllplassar (94:02).

Fylkesmannen har for sin del arbeidd med å initiere den nye avfallspolitikken, mellom anna ved dei krav som blir stilt, ved informasjon og kontakt med kommunane og andre aktørar.

Denne planen er ei revidert utgåve av planen som først blei utarbeidd i august 1993. Planen er forsøkt oppdatert i forhold til dei retningslinjene som seinare er mottatt, og i forhold til den faktiske situasjonen på den enkelte avfallsplass.

Handlingsplanen må fortsatt bli sett på som eit innspel i det vidare arbeidet i kommunane og dei interkommunale avfallsselskapa. Handlingsplanen vil bli lagt til grunn for det planmessige arbeidet fylkesmannen vil måtte gjennomføre når det gjeld åta opp til behandling og revidere dei godkjenningane som er gitt for eksisterande avfallsplassar.

Handlingsplanen vil bli forsøkt revidert årleg inntil dei nye nasjonale målsettingane er innebygd i løysingar og formelle godkjenningar etter forureiningslova. Ved rullering vil tilgjengelege kostnadsdata bli forsøkt innarbeidd.

2 Planføresetnad

2.1 Nye krav til avfallsplassar

Veiledning 94:02 frå SFT med retningslinjer overfor fylkesmannen når det gjelder dei nye krava til fyllplassar vil måtte leggest til grunn ved utforming av krav ved revidering av eksisterande godkjenningar og ved godkjenning av nye plassar.


I denne planen vil ein spesielt vise til:

- Krav om oppsamling og kontroll med sigevatnet uavhengig av storleik og avfallstypar
- Krav om oppsamling og brenning av deponigass når fyllinga
- Kontroll med at avfall som skal vere utsortert ikkje hamnar på fyllplassen
- Sterkare kontroll av mottatt avfall (mengder/typar), avfallsstatistikk, herunder grunnlag for målstyring og resultatoppfølging
- Vektlegging av anleggseigaren sitt ansvar, herunder internkontroll

2.2 Status - eksisterande behandlingsanlegg og samarbeid

Dei siste 30 åra har det skjedd ein fundamental endring i renovasjon og avfallsbehandling i kommunane. Renovasjonsordningane har vokse fram og omfatta stort sett alle hustandar og verksemdar i kommunane - som tvungen ordning. Dei første «rottedungane» er blitt erstatta mange gonger via forbrenningsomnar og «kontrollerte» fyllingar til satdig større og betre anlegg. Behandling av forbruksavfallet i fylket er dermed blitt konsentrert om eit fåtal anlegg. Dette har skjedd både etter påtrykk frå fylkesmannen og på lokalt initiativ. Dei siste 5 åra har og kjeldesortering og gjenvinning blitt introdusert og utvikla i dei fleste kommunane. Men det er fortsatt eit stort potensiale i ytterlegare gjenvinning.


Fig 1 Oversikt over avfallsanlegg i Møre og Romsdal 1.1.95



Som figur 1 viser er det fortsatt mange grovavfallsplassar i fylket.

Etablering av interkommunale selskap og andre løysingar med tilbod til fleire kommunar har hatt stor betydning når det gjeld utvikling fram til dagens situasjon. Mange av grovavfallsplassane har tidlegare bore ordinære fyllplassar og er blitt grovavfallsplassar som etterbruk og i påvente av høgare gjenvinningsnivå på avfallet

Fig 2 Oversikt over etablerte interkommunale avfallsselskap pr 1.1.95



Følgjande avfallsanlegg vil pr 1.1.95 behandle forbruksavfallet i fylket:

Grautneset forbrenningsanlegg i Ålesund (Tafjord Kraftselskap A/S (TK)) vil behandle forbruksavfallet frå 16 kommunar på Sunnmøre (og 1 kommune i Sogn og Fjordane).

Innsamling av avfall, transport og ymse gjenvinningstiltak er for størstedelen organisert av den enkelte kommune. For dei kommunar som leverer til Grautneset er det i to regionar etablert interkommunale avfallsselskap for tilsaman 6 kommunar. Dette er SSR (Søre Sunnmøre Reinholdsselskap) og VØR (Volda Ørsta Reinholdsselskap).

I oversikta nedanfor i tabell 1 er det lagt til grunn at Sande kommune blir medlem av SSR og leverer avfall til Grautneset frå 1.1.95.

Tabell 1 Kommunar som pr 1.1.95 vil levere forbruksavfall til Grautneset (TK)

Kommune	Innbyggjarar	SSR	VØR
Giske	6203		
Haram	8556		
Hareid	4502	SSR	
Herøy	8142	SSR	
Norddal	2026		
Sande	3000	SSR	
Skodje	3340		
Stordal	1025		
Stranda	4595		
Sula	6723		
Sykkylven	6887		
Ulstein	5751	SSR	
Vanylven	3937		
Volda	8011		VØR
Ørskog	1985		
Ørsta	10248		VØR
Ålesund	35896		
Sum	120827	21395	18259

Årødalen fyllplass i Molde, eigd av Romsdalhalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR), behandlar forbruksavfallet frå 13 kommunar, herav frå 6 kommunar som er med i NIR (Nordmøre Interkommunale Renovasjonsselskap).

Tabell 2 Kommunar som pr 1.1.95 vil levere forbruksavfallet til Årødalen fyllplass (RIR)

Kommune	Innbyggjarar	RIR	NIR
Averøy	5554	RIR	
Eide	3073	RIR	
Frei	4893		NIR
Fræna	8886	RIR	
Gjemnes	2873	RIR	
Halsa	2135		NIR
Kristiansund	17180		NIR
Midsund	2055	RIR	
Molde	22252	RIR	
Neset	3351	RIR	
Rindal	2242		NIR
Sunnadal	7521		NIR
Surnadal	6391		NIR
Sum 1991	88406	48044	40362

Tingvoll kommune (3.441 innb.) er også med i NIR, men deponerer avfallet i lokal fylling fram til 1.6.95, då kommunen har planlagt å ha ferdig komposteringsanlegg for våtorganisk avfall.

Vinsternes fyllplass, eigd av Aure kommune, betjener 3 kommunar i regionen:

Tabell 3 Kommunar som leverer forbruksavfallet til Vinsternes fyllplass

Kommune	Innbyggjarar
Aure	2780
Smøla	2697
Tustna	1118
Sum 1991	6595

Resten av kommunane i Møre og Romsdal har lokale avfallsplassar for forbruksavfall.

Tabell 4 Kommunar med lokale fyllplassar for forbruksavfall


Avfallsplass	Kommune	Innbyggjarar
Isfjorden avfallsplass	Rauma	7.819
Vestnes Renovasjon	Vestnes	6.396
Breivika avfallsplass	Sandøy	1.528
Balstad avfallsplass	Tingvoll	3.463
Aukra avfallsplass	Aukra	2.967
Sum		22.173

Forbruksavfallet vil frå 1.1.95 bli behandla i 7 anlegg.

Tabell 5 Fordeling av personar på avfallsanlegg i Møre og Romsdal (forbruksavfall)

Avfallsanlegg	Tal på personar innbyggjarar som leverer avfall	Prosent av folketal i fylket
Grautneset forbrenningsanlegg, Ålesund	120.827	51 %
Årødalen avfallsplass, Milde	88.406	37 %
Isfjorden avfallsplass, Rauma	7.819	3 %
Vinsternes avfallsplass, Aure	6.595	3 %
Vestnes Renovasjon, Vestnes	6.396	3 %
Balstad avfallsplass, Tingvoll	3.463	1 %
Aukra avfallsplass, Aukra	2.967	1 %
Brevik avfallsplass, Sandøy	1.528	1 %

Fig 3 Behandlingsanlegg for forbruksavfall 1.1.95.



Som det går fram av dette vil tiltak på Grautneset forbrenningsanlegg og Årødalen fyllplass ha størst betydning når det gjeld miljømessig konsekvens av behandling av våtorganisk avfall/forbruksavfall. Oppgradering av Grautneset forbrenningsanlegg vil skje felles med evt tiltak for tilsvarende behandlingsanlegg i Noreg. SFT vil vurdere ambisjonsnivå og framdrift når det gjeld evt skjerpa krav her. Evt oppgradering av Grautneset forbrenningsanlegg er ikkje tatt med eller vurdert i denne rapporten.

Skjerping av krav til avfallsplassar vil i tillegg til det som er nemnt også omfatte det som tidlegare blei kalla grovavfallsplassar. Dette er avfallsplassar der det ikkje (lenger) blir deponert forbruksavfall eller anna avfall som er lett nedbytbart eller representerer same hygieniske risiko som forbruksavfall. På grovavfallsplassane blir det deponert bygge- og rivingsavfall og ymse produksjonsavfall. Tilsaman er det registrert/godkjent 18 slike grovavfallsplassar i fylket. Grovavfall blir også sjølsagt levert til dei ordinære avfallsplassane.

Etter dei nye retningslinjene for avfallsplassar skal det ikkje lenger skiljast mellom ordinære avfallsplassar og grovavfallsplassar. Dei same krava vil i prinsippet gjelde for begge typane. Med det nye ambisjonsnivået på kjeldesortering og gjenvinning, vil avfallsplassane berre bli nytta til deponering av restavfall som ikkje let seg gjenvinne. Avfallsplassane blir derfor "restavfallsplassar".

3. Plan for oppgradering

På etterfølgjande sider er status for den enkelte plassen omtala, det er foreslått tiltak og utarbeidd handlingsprogram med framdriftsplan for den enkelte plassen. Dei foreslåtte krava er meint som innspel i arbeidet med avfallsplanar og konkret planlegging når det gjeld oppgradering av plassane. Likeså er årstala for gjennomføring av dei ulike tiltaka å sjå på som rettleiande.

Endeleg tidsfrist for oppgraderinga vil truleg måtte tilpassast tempoet for gjennomføring av løysingar for kjeldesortering og gjenvinning. No blir det antyda at frist for oppgradering skal vere ut 1996 for dei siste plassane.

Tabell 5 Framtidige offentlege avfallsplassar der det er mest aktuelt med oppgradering

Kommune	Plass	Type avfall
Vanylven	Eidså	Restavfall frå grovavfall
Volda	Allida	Restavfall frå grovavfall
Stordal	Vinjesanden	Restavfall frå grovavfall
Ålesund	Bingsa	Restavfall frå grovavfall Aske og slagg Reserve for forbrennings-anlegget
Vestnes	Vestnes Renovasjon A/S	Restavfall
Rauma	Isfjorden	Restavfall
Sandøy	Breivika	Restavfall
Aukra	Flyplassen	Restavfall
Molde	Årødalen	Restavfall
Sunndal	Vennevoll	Restavfall frå grovavfall
Aure	Vinsternes	Restavfall

Det kan vise seg at kommunane vil arbeide for at andre avfallsplassar og skal oppretthaldast, eventuelt at enkelte av plassane vil bli foreslått nedlagt til fordel for interkommunalt samarbeid. Nye avfallsplassar er ikkje tatt med.

Planar/anlegg for kjeldesortering av avfall og til miljøstasjonar og andre mottaksordningar for kjeldesortert avfall /kjeldesortering av avfall er ikkje tatt med. Spørsmål om opprydding av mindre ulovlege private eller kommunale fyllplassar er ikkje tatt med.

Årødalen avfallsplass

Eigar:	<i>Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap</i>
Plassering:	<i>Årødalen, Molde kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Forbruksavfall, produksjonsavfall, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Ja, botnetting (betonittleire)</i>
Reinsing:	<i>Ingen interne - kommunalt nett (silanlegg 1994)</i>
Utslepp:	<i>Moldefjorden</i>
Måleprogram:	<i>Måleprogram i elv - ikkje av sigevatn</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei, er planlagt</i>
Kontroll:	<i>Vekt er montert</i>
Sortering:	<i>Delvis: Spesialavfall, kvitevarer og dekk, miljøstasjon etablert 1994. Sortert avfall blir delvis deponert</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har kompaktor</i>
Lokale ulemper:	<i>Tiltakande luktproblem i nærliggande industriområde, mykje fugl, rapport om forsøpling i terrenget omkring.</i>

Handlingsprogram med framdriftsplan

1994: *Oppseiing av utsleppsløyve. (Gjennomført) Nytt løyve seinast 1.6.1995)*

1995: *Tiltak mot lukt*

(Redusert areal på fyllingsfronten

Dagleg overdekking av fyllingsfronten)

Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall

Oppsamling og avbrenning av deponigass

Montering av fuglenett

Gjennomføring av måleprogram for sigevatn

Separat behandling av hageavfall.

Behandlingsanlegg for våtorganisk avfall 1. etappe

Internkontroll

1996: *Behandlingsanlegg for våtorganisk avfall 2. etappe*

Forbud mot deponering av alle gjenvinnbare fraksjonar

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Bingsa avfallsplass

Eigar	<i>Alesund kommune</i>
Plassering:	<i>Bingsa, Alesund kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Ikkje brennbart produksjonsavfall, hageavfall, aske, slagg, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Myr over fjell - usikker oppsamlingseffektivitet</i>
Reinsing:	<i>Ingen</i>
Utslepp:	<i>Ellingsøyfjorden</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Delvis: Har vekt når nærliggande pukkverk er i drift</i>
Sortering:	<i>Delvis: Kvitevarer og spesialavfall blir skilt ut, slagg og aske blir deponert separat.</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har kompaktor</i>
Lokale ulemper:	<i>Episodar med luktproblem i nærliggande industriområde, fugl.</i>

Handlingsprogram med framdriftsplan

- 1995: *Oppseiting av utsleppsløyve. Nytt løyve seinast 1.9.1995)*
Redusert areal på fyllingsfronten
Dagleg overdekking av fyllingsfronten
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
Vekt
Miljøstasjon for utsortering av avfall
Oppsamling og avbrenning av deponigass
Montering av fuglenett
Vurdering/gjennomføring av botntetting
Gjennomføring av måleprogram for sigevatn
Separat behandling av hageavfall.
Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall 1. etappe?
Internkontroll
- 1996: *Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall 2. etappe?*
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar

Det bør vurderast om plassen skal bli restavfallsplass for større deler av Sunnmøre.

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Isfjorden avfallsplass

Eigar	<i>Rauma kommune</i>
Plassering:	<i>Isfjorden, Rauma kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Forbruksavfall, produksjonsavfall, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Ja, for nye område: bentonitt-tetting, sigevassoppsamling</i>
Reinsing:	<i>Ingen interne - kloakk til sjø (1993)</i>
Utslepp:	<i>Isfjorden</i>
Måleprogram:	<i>Måleprogram i elv - ikke av sigevatn</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Nei, har ikkje vekt</i>
Sortering:	<i>Delvis: Spesialavfall, kvitevarer og dekk</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har kompaktor</i>
Lokale ulemper:	<i>Sigevassutslepp til elv førte tidlegare til begroing og misfarging. fugl</i>

Skisse til handlingsprogram

- 1995:** *Oppseiing av utsleppsløyve. Nytt løyve seinast 1.11.1995*
Redusert fyllingsfront
Dagleg overdekking av fyllingsfronten
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
- 1996:** *Vekt*
Miljøstasjon for utsortering av avfall
Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass
Montering av fuglenett
Gjennomføring av måleprogram for sigevatn
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall
Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Vestnes Renovasjon A/S

Eigar	<i>Vestnes Renovasjon A/S</i>
Plassering:	<i>Øverålias, Vestnes kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Forbruksavfall, produksjonsavfall, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Ja, naturleg botnetting, men behov for vurdering i forhold til nye krav</i>
Reinsing:	<i>Ingen interne - kloakk til sjø</i>
Utslepp:	<i>Tomrefjorden</i>
Måleprogram:	<i>Måleprogram av sigevatn</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Volum</i>
Sortering:	<i>Spesialavfall, kvitevarer og dekk</i>
Overdekking:	<i>Kompaktor, ingen dagleg overdekking</i>
Lokale ulemper:	<i>Fugl.</i>

Handlingsprogram med framdriftsplan

- 1995: *Oppseiing av utsleppsløye. Nytt løyve seinast 1.11.1995)*
Redusert fyllingsfront
Dagleg overdekking av fyllingsfronten
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
- 1996: *Vekt*
Miljøstasjon
Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass
Montering av fuglenett
Utvida måleprogram for sigevatn
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass
Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Aukra avfallsplass

Eigar	<i>Aukra kommune</i>
Plassering:	<i>Rothaugen, Aukra kommune</i>
Statusrapport	
<i>Mottatt avfallstypar:</i>	<i>Forbruksavfall, produksjonsavfall, slam</i>
<i>Sigevassoppsamling:</i>	<i>Nei, behov for botntetting må utgreiast</i>
<i>Reinsing:</i>	<i>Nei</i>
<i>Utslepp:</i>	<i>Rørvika (sjøen)</i>
<i>Måleprogram:</i>	<i>Måleprogram i elv - ikke av sigevatn</i>
<i>Gassoppsamling:</i>	<i>Nei</i>
<i>Kontroll:</i>	<i>Nei, har ikkje vekt</i>
<i>Sortering:</i>	<i>Spesialavfall, kvitevarer</i>
<i>Overdekking:</i>	<i>Ingen dagleg overdekking, har kompaktor</i>
<i>Lokale ulemper:</i>	<i>Fugl.</i>

Handlingsprogram med framdriftsplan

- 1995: Oppseing av utsleppsløyve. Nytt løyve seinast 1.1.1996)*
Redusert fyllingsfront
Dagleg overdekking av fyllingsfronten
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
Vekt
Miljøstasjon for utsortering av avfall
- 1996: Vurdering av oppsamling og avbrenning deponigass*
Fuglenett
Utvida måleprogram for sigevatn
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass
Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Vinsternes avfallsplass

Eigar	<i>Aure kommune</i>
Plassering:	<i>Vinsternes, Aure kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Forbruksavfall, produksjonsavfall, hageavfall</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Truleg naturleg botmetting (?)</i>
Reinsing:	<i>Ingen</i>
Utslepp:	<i>Vinsternesbukta, lekkasje til bekk</i>
Måleprogram:	<i>Ingen</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Ikkje vekt</i>
Sortering:	<i>Kvitevarer og slam</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, brukar hjullastar</i>
Lokale ulemper:	<i>Mykje søppel i området, fugl, lekkasje til bekk</i>
Handlingsprogram med framdriftsplan	
1995:	<i>Oppseiing av utsleppsløyve. Nytt løyve seinast 1.9.1996)</i> <i>Redusert fyllingsfront</i> <i>Dagleg overdekking av fyllingsfronten</i> <i>Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall</i>
1996:	<i>Vekt</i> <i>Fuglenett</i> <i>Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass</i> <i>Utvida måleprogram for sigevatn</i> <i>Internkontroll</i> <i>Separat behandling av hageavfall.</i> <i>Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass</i> <i>Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall</i> <i>Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar</i>
Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997	

Breivika avfallsplass

Eigar	<i>Sandøy kommune</i>
Plassering:	<i>Breivika, Sandøy kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Forbruksavfall, produksjonsavfall, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Naturleg botntetting, sigevassoppsamling</i>
Reinsing:	<i>Ingen interne - avløp til sjø</i>
Utslepp:	<i>Breivika</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Nei</i>
Sortering:	<i>Spesialavfall, kvitevarer og dekk</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har hjullastar</i>
Lokale ulemper:	<i>Ingen.</i>

Skisse til handlingsprogram

- 1994: Oppseiing av utsleppsløyve. Nytt løyve seinast 1.1.1996)*
Redusert fyllingsfront
Dagleg overdekking av fyllingsfronten
Minimum utsortering av gjenvinnbare fraksjonar
- 1996: Vekt*
Miljøstasjon
Fuglenett
Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass
Utvida måleprogram for sigevatn
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass
Evt behandlingsanlegg for våtorganisk avfall
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Alida avfallsplass

Eigar	<i>Volda kommune</i>
Plassering:	<i>Alida, Volda kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Grovavfall, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Naturleg botnetting (?-fjell), sigevassoppsamling</i>
Reinsing:	<i>Ingen interne - avløp til sjø</i>
Utslepp:	<i>Voldafjorden</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Har ikkje vekt</i>
Sortering:	<i>Spesialavfall, kvitevarer og dekk</i>
Overdekking:	<i>Hjullastar, ingen dagleg overdekking</i>
Lokale ulemper:	<i>Nær veg</i>
Skisse til handlingsprogram	
1995:	<i>Oppseiing av utsleppsløyve. Evt nytt løyve seinast 1.1.1996) Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall Vurdering av levetid og status: Drift ut over 1.1.1997 krev oppgradering Internkontroll Separat behandling av hageavfall.</i>
1996:	<i>(Evt gjennomføring av oppsamling og avrbrenning av deponigass) (Vekt) (Miljøstasjon for utsortering av avfall) (Montering av fuglenett) Utvida måleprogram for sigevatn Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar Forbud mot deponering av våtorganisk avfall</i>
<i>Tiltak i parentes skal gjennomførast ved oppgradering</i>	
<i>Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997, evt lagt ned.</i>	

Stordal avfallsplass

Eigar	<i>Stordal kommune</i>
Plassering:	<i>Stordal, Stordal kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Grovavfall</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Nei, infiltrasjon</i>
Reinsing:	<i>Ingen - infiltrasjon</i>
Utslepp:	<i>Til grunnen</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Ikkje vekt</i>
Sortering:	<i>Nei</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har hjullastar</i>
Lokale ulemper:	<i>Ingen.</i>

Skisse til framdriftsplan

- 1995: *Oppseieing av utsleppsløyve. Evt nytt løyve seinast 1.1.1996)*
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
Vurdering av levetid og status
Drift ut over 1.1.1997 krev oppgradering
Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
- 1996: *(Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass*
(Vekt)
(Miljøstasjon for utsortering av avfall)
(Montering av fuglenett)
(Botnetting)
(Gjennomføring av måleprogram for sigevatn
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar
Forbud mot deponering av våtorganisk avfall

Tiltak i parentes skal gjennomførast ved oppgradering.

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997, evt lagt ned.

Nøsa avfallsplass

Eigar	<i>Haram kommune</i>
Plassering:	<i>Nøsa, Helland, Haram kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Grovavfall</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Nei, infiltrasjon</i>
Reinsing:	<i>Ingen - infiltrasjon?</i>
Utslepp:	<i>Til grunnen/sjø (Midfjorden)</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Ikkje vekt</i>
Sortering:	<i>Nei</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har hjullastar</i>
Lokale ulemper:	<i>Ingen.</i>

Skisse til framdriftsplan

- 1995: *Oppseiing av utsleppsløyve. Evt nytt løyve seinast 1.1.1996)*
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
Vurdering av levetid og status
Drift ut over 1.1.1997 krev oppgradering
Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
- 1996: *(Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass)*
(Vekt)
(Miljøstasjon for utsortering av avfall)
(Montering av fuglenett)
(Gjennomføring av botnetting)
Utvida måleprogram for sigevatn
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar
Forbud mot deponering av våtorganisk avfall

Tiltak i parentes skal gjennomførast ved oppgradering.

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997, evt lagt ned.

Vennevoll avfallsplass

Eigar	<i>Sunndal kommune</i>
Plassering:	<i>Vennevoll, Groa, Sunndal</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Produksjonsavfall, grovafall</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Naturleg botnetting, sigevassoppsamling</i>
Reinsing:	<i>Ingen interne - avløp til sjø (sil)</i>
Utslepp:	<i>Sunndalsøra</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Ja</i>
Sortering:	<i>Miljøstasjon, spesialavfall, kvitevarer og dekk</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har kompriator</i>
Lokale ulemper:	<i>Ingen.</i>

Skisse til handlingsprogram

- 1995:** *Oppseiing av utsleppsløyve. Nytt løyve seinast 1.1.1996)*
Redusert fyllingsfront
Dagleg overdekking av fyllingsfronten
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
- 1996:** *Fuglenett*
Vurdering av oppsamling og avbrenning av deponigass
Utvida måleprogram for sigevatn
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall.
Evt gjennomføring av oppsamling og avbrenning av deponigass
Behandlingsanlegg for våtorganisk avfall
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997

Lilleide avfallsplass

Eigar	<i>Vanylven kommune</i>
Plassering:	<i>Eidså, Vanylven kommune</i>
Statusrapport	
Mottatt avfallstypar:	<i>Grovavfall, slam</i>
Sigevassoppsamling:	<i>Nei, infiltrasjon</i>
Reinsing:	<i>Ja (?) - infiltrasjon</i>
Utslepp:	<i>Til grunnen</i>
Måleprogram:	<i>Nei</i>
Gassoppsamling:	<i>Nei</i>
Kontroll:	<i>Nei</i>
Sortering:	<i>Nei</i>
Overdekking:	<i>Ingen dagleg overdekking, har hjullastar</i>
Lokale ulemper:	<i>Ingen.</i>

Skisse til framdriftsplan

- 1995: *Oppseiing av utsleppsløyve. Evt nytt løyve seinast 1.1.1996)*
Forbod mot deponering av brunt papir og anna kjeldesortert gjenvinnbart avfall
Vurdering av levetid og status
Vurdering av oppsamling og avrbrenning av deponigass
Drift ut over 1.1.1997 krev oppgradering
Internkontroll
Separat behandling av hageavfall
- 1996: *Evt gjennomføring av oppsamling og avrbrenning av deponigass (Vekt)*
(Miljøstasjon for utsortering avgjenvinnbart avfall)
(Montering av fuglenett)
(Botmetting)
(Utvida måleprogram for sigevatn)
Forbud mot deponering av gjenvinnbare fraksjonar
Forbud mot deponering av våtorganisk avfall

Tiltak i parantes skal gjennomførast ved full oppgradering

Full oppgradering mogleg innan 1.1.1997, evt lagt ned.

Handlingsplanen omfattar ikkje plassar som sannsynlegvis blir lagt ned eller endra status innan 1.1.1997. For desse gjeld avslutningsplaner m.v. som er utarbeidd eller vil bli omarbeidd for å sikre nødvendig etterkontroll.

Dette gjeld følgjande plassar:


Hidsneset avfalls plass, Sande	Grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Kvernhusdalen avfalls plass, Sande	Avfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Fløstranda avfalls plass, Ulstein	Grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Kjølen avfalls plass, Stranda	Grovavfalls plass	Ikkje godkjent Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Haugset avfalls plass, Sykkylven	Grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Gauset avfalls plass, Ørskog	Grovavfalls plass	Ulovleg Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Uri avfalls plass, Norddal	Grovavfalls plass	Ulovleg Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Toven avfalls plass, Nesset	Grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Balstad avfalls plass, Tingvoll	Avfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Hasseløysæter avfalls plass, Averøy	Grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Syltøran avfalls plass, Surnadal	Grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Skjelvågen, Smøla	Grovavfalls plass	Ikkje godkjent Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995
Hagelin, Kristiansund	Produskjonsavfall/ grovavfalls plass	Avslutningsplan Fm vil sende brev i 1995

Tabell 5 Oversikt over fyllplassar 1.1.95 og framtidig status

Plass	Kommune	Mottar frå kommune	Avfalls-typar*)			God-kjent	Status Sannsynleg krav
Eidså	Vanylven	Vanylven		G	S	910702	Oppgradering nødvendig
Hidsneset	Sande	Sande		G		930405	Under avslutning
Allida	Volda	Volda		G	S	911215	Oppgradering nødvendig
Fløstranda	Ulstein	Hareid Herøy Ulstein		G			Under avslutning
Haugset	Sykkylven	Sykkylven		G	S	770623	Bør avsluttast
Kjølen	Stranda	Stranda		G			Bør avsluttast Plan om ny plass i området
Uri	Norrdal	Norrdal		G			Bør avsluttast
Vinjesanden	Stordal	Stordal		G		900906	Oppgradering nødvendig
Gauset	Ørskog	Ørskog		G			Bør avsluttast
Bingsa	Ålesund	Ålesund div. nabokomm.		G	S	780421	Oppgradering nødvendig
Gjøsund	Giske	Giske		G			Bør avsluttast
Nøsa	Haram	Haram		G		900119	Oppgradering nødvendig
Øveråslia	Vestnes	Vestnes	F	G	S	860610	Oppgradering nødvendig
Isfjorden	Rauma	Rauma	F	G	S	901026	Oppgradering nødvendig
Toven	Neset	Neset		G	S	920826	Bør avsluttast
Breivika	Sandøy	Sandøy	F	G	S	900321	Oppgradering nødvendig
Rothaugen	Aukra	Aukra	F	G	S	930405	Oppgradering nødvendig
Årødalen	Molde	Eide Frei Gjemnes Halsa Kr sund Molde Midsund Neset Rindal Sunndal Surnadal	F	G	S	840918	Oppgradering nødvendig
Hasseløysæter	Averøy	Averøy		G		791217	Bør avsluttast
Hagelin	Kr.sund	Frei Kr.sund		G		850628	Bør avsluttast
Balstad	Tingvoll	Tingvoll	F	G		751218	Bør avsluttast
Syltøran	Surnadal	Halsa Rindal Surnadal	F	G	S	940325	Bør avsluttast
Vennevoll	Sunndal	Sunndal		G		890919	Oppgradering nødvendig
Skjellivågen	Smøla	Smøla		G			Bør avsluttast
Vinsternes	Aure	Aure Smøla Tustna	F	G	S	880620	Oppgradering nødvendig

*) Avfallstypar: F=forbruksavfall, G=grovavfall, S=slam

Fig 6 Oversikt over oppgradering av avfallsplassar



5. Nyanlegg

Nyanlegg for behandling av restavfall eller behandling av t.d. våtorganisk avfall vil måtte vurderast og planleggast på eit lokalt/regionalt nivå. SSR har t.d. under utarbeiding ein ny restavfallsplass for ikkje gjenvinnbart avfall på Eidet mellom Ulsteinvik og Hareid. Fleire kommunar arbeider med konkrete planar for behandling av våtorganisk avfall. Slike løsingar vil og måtte tilpassast heimekompostering og eventuell separat innsamling og behandling av matrestar. Nemnde tema er i prinsippet ikkje tatt med i denne planen.

6. Framtid

Arbeidet med å få til kjeldesortering og gjenvinning av avfall vil føre til at papp/papir, glas og seinare plast/metall i stor grad vil bli gjenvunne. Forbod mot deponering av våtorganisk avfall vil føre til at matavfall, matrestar, hageavfall m.v. vil måtte behandlast for seg. Ymse trematerial vil og truleg bli nytta til flisproduksjon. Det avfallet som etter slik utsortering blir att, blir kalla "restavfall". Det er ikkje urimeleg at restavfallet blir 30-50% av dagens avfallsmengder.

Med strengare krav til avfallsfyllingane vil det ofte bli økonomisk interessant å transportere restavfallet til større fellesanlegg i staden for å etablere eller oppgradere lokale anlegg.

Fylkesmannen ser i denne samanheng Årødalen fyllplass i Molde og Grautneset forbrenningsanlegg/Bingsa fyllplass i Ålesund som hovudløysingar for behandling av restavfallet i fylket. Heimdal forbrenningsanlegg i Trondheim kan vere aktuell for deler av fylket.

I eit slikt scenario ser fylkesmannen ei løysing der "alt" avfall blir gjenstand for kjeldesortering.

- Våtorganisk avfall blir behandla ved heimekompostering eller innsamla og behandla i sentrale anlegg (kompostering eller anna behandling). Hageavfall blir delvis behandla i meir lokale og enklare løysingar.
- Matavfall frå storhushaldningar blir nytta til dyrefôr
- Tremateriale bli hogge opp til flis og nytta til brendsel.
- Papir, plast, metall blir kjeldesortert og gjenvunne.
- Spesialavfall blir samla inn gjennom spesialavfallssystemet (Skvett'n og operatørar).
- Reine massar blir brukt som fyllmasse.
- Restavfallet blir deponert på eit fåtal plassar, eller brent på Grautneset (eller Heimdal).

7. Sluttord

Det er opp til kommunane å utvikle og finne praktiske løysingar for den nye avfallspolitikken. Dei viktigaste styringssignala i denne rapporten til dette arbeidet er at det vil bli stilt strengare krav til avfallsplassane med gjerneomføring seinast 1.1.1997. Samtidig bør kommunane vurdere som realistisk at det vil vere ynskje og eventuelt krav om stadig meir omfattande kjeldesortering og gjenvinning.